



Arkivnr: 2018/7973-3

Saksbehandlar: Bente Utne, Even Vaular

Saksframlegg**Saksgang**

Utvil	Saknr.	Møtedato
Utvil for miljø og samferdsel		15.08.2018

Ekstramidlar til fylkesvegar juni 2018 – vegopprusting og trafikksikring**Samandrag**

I denne saka legg fylkesrådmannen fram forslag til bruk av ekstramidlane løyvd av fylkestinget i juni 2018. Hordaland fylkeskommune har i samarbeid med Statens vegvesen, planlagt og vurdert og foreslår følgjande tiltak:

- 1) Vegopprusting: dekkelegging, fresing og vegoppmerking: 40 mill kr (jamfør vedlegg 2)
- 2) Trafikksikringstiltak: 10 mill kr
 - a. Tiltak «Gang- og sykkelveg på Hatlandsskiftet» i Osterøy kommune vert tildelt 4,5 mill kr.
 - b. Tiltak «Undergang på Fv 48 ved Rød i Hålandsdalen» i Fusafjord kommune vert tildelt 1,5 mill kr.
 - c. Tryggingstiltak av mjuke trafikantar i tunnelar vert tildelt 4 mill kr. Aktuelle tiltak er kvitkalking og sykkelknapp-løysingar.

Økonomi: Fylkestinget har løyvd 50 mill kr til vegopprustning og trafikksikring i 2018. Denne saka gjer greie for bruken av midlane. Vegvedlikehald vil på sikt gi lågare framtidige drifts- og vedlikehaldskostnader.

Klima: Liten effekt av desse ekstra midlane.

Folkehelse: På generelt nivå vil tryggare vegar vi færre ulykker, og såleis mindre helseproblem.

Regional planstrategi: Liten effekt.

Forslag til vedtak

1. Utval for miljø og samferdsel sluttar seg til framlagt forslag til bruk av dei ekstra 50 millionar kroner løyvd av fylkestinget i juni 2018, til vegopprusting og trafikksikring, slik:
 - 1) Vegopprusting: dekkelegging, fresing og vegoppmerking: 40 mill kr.
 - 2) Trafikksikringstiltak: 10 mill kr, fordelt slik:
 - a. Tiltak «Gang- og sykkelveg på Hatlandsskiftet» i Osterøy kommune vert tildelt 4,5 mill kr.
 - b. Tiltak «Undergang på Fv 48 ved Rød i Hålandsdalen» i Fusafjord kommune vert tildelt 1,5 mill kr.
 - c. Tryggingstiltak av mjuke trafikantar i tunnelar vert tildelt 4 mill kr. Aktuelle tiltak er kvitkalking og sykkelknapp-løysingar.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
konstituert fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 06.07.2018

Vedtak i fylkestinget juni 2018

I høve godkjenning av årsrekneskapen for 2017 gjorde fylkestinget 12./13. juni 2018 følgjande vedtak i sak PS 35/2018:

1. Årsrekneskapen for Hordaland fylkeskommune for 2017 vert godkjend.

2. Overskotet vert disponert slik:

<i>Finansiering av investeringar / redusert låneopptak</i>	<i>53 500 000</i>
<i>Dispositionsfond (fritt)</i>	<i>3 085 341</i>
<i>50 mill til vegopprusting og trafikksikring</i>	<i>50 000 000</i>
<i>Auka stemmestøtte*</i>	<i>500 000</i>
SUM	107 085 341

*Ekstraordinære midlar til partiorganisasjonane:

Botnsats: kr. 20 000 x 9 parti = kr. 180 000

Kr. 320 000 fordelt på 57 representantar

Prioritering av tiltak vert gjort i utvala.

Planlegging / førebuing i samferdselsavdelinga og Statens vegvesen

Frå politisk side er det svært viktig at desse ekstramidlane kjem til nytte snarast råd, og såleis at tiltaka vert utført i 2018. Samferdselsavdelinga og Statens vegvesen har førebudd og tilrettelagt så langt råd er, for å komma i gang med tiltaka raskast mogeleg etter vedtaket i juni.

- Ein har sett på tiltak som ikkje har nådd opp tidlegare, både gjennom budsjettprosessen, diverse søknadsordningar, og behov som har komme fram seinare. Såleis er det ein «planreserve» både på større og mindre tiltak innafor dei ulike programområda.
- Statens vegvesen gjer årleg grundige kartleggingar av dekkesituasjonen og –behov på fylkesvegane. I tillegg til opplegg for vedtatt budsjett i 2018 til dekkelegging, ba samferdselsavdelinga Statens vegvesen i vår om å klargjera for bruk av eventuelle ekstra midlar.
- Samferdselsavdelinga utarbeidde notat av 21.06.18 (vedlegg 1) om forslag til bruk av dei ekstra 50 mill. kroner. Forslaget frå administrasjonen er todelt, ein større del til dekkelegging og ein mindre del til trafikksikring. Behovet for asfalt, fresing og vegmerking er svært stort i Hordaland. Hordaland har i mange år brukt mindre midlar på asfalt enn andre fylke, og har eit stort etterslep her.

Dette notatet (vedlegg 1) vart sendt frå fylkesdirektør for samferdsel, til leiar i utval for miljø og samferdsel (MISA) Jon Askeland 21. juni 2018. Jon Askeland svarar 22. juni:

Eg støttar innstillinga, og sluttar meg til at dette er den faglege tilrådinga for å få disponera midlane i årets produksjon. Alle vurderingane til bruk av midlane er innafor vedtaket i fylkestinget. Eg opplever at det er politisk ønskje om at det som vert gjort av mindreforbruksmidlane vert synleggjort på ei oversikt til Misa utpå hausten.

Midlar til dekkelegging/asfalt/fresing og vegoppmerking 40 mill kr

Vedlegg 2 viser Statens vegvesen sin plan for bruk av ekstra 40 mill kr til dekkelegging og vegoppmerking. I notatet skriv SVV mellom anna:

«Vi har foretatt utlysning og tildelt kontraktene på det som omfatter ordinært budsjett. Når det gjelder eventuell tilleggsbevilgning har vi lyst ut og fått inn tilbud, men ikke tildelt kontrakter enda i påvente av finansieringen, og går ikke den i orden må vi avlyse konkurransen. Det nærmer seg ferietid og vår tilbudsnevnd er avhengig av å få inn saksdokumentene med anskaffelsesprotokoll og innstilling så snart det lar seg gjøre. Det tar ca 5-6 dager før den er ferdig behandlet i nemda. Etter at saken er avgjort i tilbudsnevnda er der en klagefrist på 7-10 dager før kontraktene kan tildeles og signeres. Fristene vi har på ferdigstillelse av dekkelegging er 15 oktober så vi har vi ikke mer enn tid og veg. Fristen 15 oktober har sammenheng med vegmerkekontraktene som også går ut da og all dekkelegging etter den tid blir vegmerking regnet som tilleggsarbeid og kontraktens priser gjelder ikke lenger».

Statens vegvesen viser også til stigande oljepris, og tilhøyrande vegoppmerking, som må dekkast og utførast innafor ramma på 40 mill kr.

Vegvesenet vil laga eit nytt kart som viser strekningane som får nytt dekke i 2018. Dette vert lagt fram for utvalet når det er klart.

Midlar til trafikksikringstiltak 10 mill kr

Fylkesrådmannen foreslår i denne saka å nytta dei resterande 10 mill. kr. til trafikksikring i kommunane og trygging av mjuke trafikantar i tunnelar.

Trafikksikring i kommunane: I møte 18. april i år gav MISA tilsegn om tilskot på 20,77 mill. kr. til trygge skulevegar og punktutbetring (politisk sak 52/2018), etter søknadar frå kommunane. Her var det fleire gode tiltak som ikkje fekk støtte:

Osterøy kommune sökte om 4,5 mill. kr. til gang- og sykkelveg på Hatlandsskiftet. Dette var det einaste av tiltaka som kom best ut av den faglege vurderinga, som ikkje vart tildelt midlar. I fylkesrådmannen sine kommentarar i saka, står følgjande: «*Fylkesrådmannen ser positivt på gang- og sykkelvegtiltaket på Hatlandsskiftet i Lonevåg, men rår til at tiltaket ikkje vert tildelt midlar no. Fylkesrådmannen vil vurdera tiltaket og ha ein dialog med Osterøy kommune om finansieringsopplegg.*» Fylkesrådmannen foreslår å nytta **4,5 mill. kr.** av overskotet frå 2017 til å få realisert dette prosjektet.

Fusa kommune sökte om 1,5 mill. kr. i tilskot til ein undergang på Fv48 på Rød i Hålandsalen. Samla kostnad vart oppgitt til 7,6 mill. kr., der kommunen sjølv ville dekka resterande 6,1 mill. kr. Av tiltaka med *nest best* fagleg vurdering var dette tiltaket som var nærmest ei tildeling i april. Fylkesrådmannen skreiv følgjande om tiltaket i tildelingssaka: «*Ved tiltak nr. 16 (Undergang på Fv48 ved Rød i Hålandsalen, Fusa kommune) er busetnaden spreitt, og tiltaket relativt stort. Det er likevel eit godt trafikksikringstiltak på ei vegstreking med høg fart, og kommunen viser stor vilje til å få prosjektet gjennomført gjennom ein betydeleg kommunal eigendel og løyving på kommunebudsjettet 2018.*» Fylkesrådmannen foreslår å nytta **1,5 mill. kr.** av overskotet frå 2017 for å sikra gjennomføring av tiltaket.

Det vert lagt til grunn at desse prosjekta får tilsvarende vilkår som gjaldt ved tildelinga i april. I tråd med vilkåra for tilskotsordninga «Trygg skuleveg og punktutbetring 2018» er det høve til å utsetta ferdigstilling av tiltaka til 2019.

Sikring av mjuke trafikantar i tunnelar: Å nytta midlar til tiltak for trygging av mjuke trafikantar i tunnelar, vil vera eit godt tiltak for oppfølging av Statens havarikommisjon for transport (SHT) si tilråding frå rapporten om dødsulykka i Raunekleivtunnelen på Fv7 i Samnanger kommune. Her vart ein belgisk syklist påkøyrd, då sjaføren ikkje såg syklisten i den mørke tunnelen. Fylkesrådmannen gav følgjande tilbakemelding til utkast til rapport frå SHT:

«Hordaland fylkeskommune viser til utkast til rapport (unntatt off. vtrl § 51) om tunnelulykke på Fv 7 Raunekleivtunnelen i Samnanger kommune den 11.07.17. I rapporten blir følgjande anbefalt: SHT

vurderer at Hordaland fylkeskommune som tunneleier eventuelt sammen med Statens vegvesen som veiforvaltere (sams veiadministrasjon) bør gjennomføre risikovurdering for sikker ferdsel for syklistar gjennom Raunekleivtunnelen og liknende tunneler. Hordaland fylkeskommune tek dette til etterretning. Vi er samde i at også tunnelar under 500 meter som ikkje er omfatta av tunnelsikkerheitsforskrifta bør vurderast ift. risiko for syklistar. HFK vil ta initiativ til at det blir gjennomført vurderingar for desse tunnelane og at blir gjennomført eventuelle tiltak for å hindra liknande ulykker i framtida.»

Statens vegvesen er i gang med å vurdera kva tunnelar ein bør gjera tiltak i, og kva tiltak som vil gi ønskt positiv verknad på trafikktryggleiken. Tiltak som peikar seg ut er kvitkalking av tunnelveggane og sykkelknapp-løysingar. Kvitkalking av tunnelveggar er etter kvart eit utbreitt trafikktryggingstiltak som gir vesentleg betring av lystilhøva i tunnelane. Ei sykkelknapp-løysing inneber at syklistar kan trykka på ein knapp utafor tunnelen, for å varsle bilistar om at det er syklistar i tunnelen. I sykkelknapp-løysingar kan ein innarbeida ei dynamisk fartsgrense, der farten vert sett ned når sykkelknappen er aktivert. Dette er rekna som eit godt tryggingstiltak for syklande i dei tilfella der det ikkje finst eit godt alternativ til å køyra utanom tunellen. Liarostunnelen på Fv7 i Samnanger kommune er eit døme kor Statens vegvesen ønskjer å få plass ei sykkelknapp-løysing. Fylkesrådmannen ønskjer å nytta **4 mill. kr.** av overskotet frå 2017 til tryggingstiltak av mjuke trafikantar i tunnelar.

Fylkesrådmannen si tilråding

Fylkesrådmannen rår til følgjande fordeling av dei ekstra 50 mill kr av årsoverskotet frå 2017:

Dekkelegging mv 40 mill kr

Dette er ei ramme i samsvar med opplegg frå SVV (vedlegg 2) til dekkelegging, fresing og vegoppmerking.

Trafikksikring 10 mill kr

- a. Tiltak «Gang- og sykkelveg på Hatlandsskiftet» i Osterøy kommune vert tildelt 4,5 mill kr.
- b. Tiltak «Undergang på Fv48 ved Rød i Hålandsdalen» i Fusafjord kommune vert tildelt 1,5 mill kr.
- c. Tryggingstiltak av mjuke trafikantar i tunnelar vert tildelt 4 mill kr. Aktuelle tiltak er kvitkalking og sykkelknapp-løysingar.